

Utslepp frå spreidd busetnad

Av fylkeslandbrukssjef Trygve Haugeland

Dei reglar som vart vedtekne 9. februar 1972 for utslepp frå einskilde hus og hytter, viste seg snart å vera noko for rigorøse. Ei nemnd vart so sett i arbeid med å revidera dei. Dette arbeidet er no sendt til uttale til ein del institusjonar, og nye reglar vil vel kome om ikkje so lenge.

Etter dei gamle reglar var *innlagt vatn* avgjerande for om huset kom inn under reglane. I det nye framlegget er dette gjort endå noko strammare. Men det spørst om dette kriteriet er so lagleg. Truleg var det betre å lata *innlagt vannklosett* vera avgjerande kriterium.

Den rensing som fylgjer av dei tiltak reglane krev er på ingen måte fullstendig — det er i grunnen berre ei mekanisk slamutskiljing. Tek ein omsyn til problema med plasing av slammet frå kummane, og til at vatnet vert leida ned i undergrunnen og soleis i nokon mun kan nå fram til vassdrag, so kan ein kanskje setja den samla renseeffekt til 50 %.

Om ein nyttar ein skikkeleg utedo, multrom eller liknande, der gjødsla får høve til å bli til mold for hagen, kan ein rekna at denne måten har ein renseeffekt på 100 % for denne del av avfallet.

Reknar ein so at denne delen av avfallet er 60 % av den samla av-

fallsmengd, ser ein at alt i alt gjev denne måten ein større samla renseeffekt enn den ein får med dei tiltak reglane krev. Og det endå om resten av avfallsvatnet gjekk rett i elva. Det treng det ikkje gjera — i dei fleste tilfelle vil det få eit godt stykke veg gjennom jord med plantedecke som tek sin del av ureinska.

No kan ein sjølvsagt diskutera dei prosenttal som er sett opp her, men i alle høve kan ein rekna med at ein får *minst like god* samla renseeffekt på denne måten som med dei tiltak reglane krev.

Til dette kjem at dersom ein utover bygdene set krav til so kostsame tiltak som reglane krev, då vil få eller ingen taka kostnaden med å ferda til ein ordentleg utedo eller tilsvarende i tillegg. Har ein fyrst hatt dei store kostnader til kummer og synkegrøfter, då set ein ogso inn eit vannklosett. Det kostar då minst. Dermed vil dei nye reglane føra til at vannklosetta tek plassen overalt utover bygdene. Og det er ei mykje dårlegare utvikling totalt sett. Det er mykje betre om ein kan få i bruk att utedo, og få igang ei utvikling som fører til betre typer av den.

Difor bør hus og hytter utan vannklosett ikkje koma inn under reglane for utslepp.